

---

**Fra:** Olav-Kåre <olav-kaare.tykhelle@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 11. desember 2018 19:19  
**Til:** Postmottak Lindås; kristin.nielsen@lindas.kommune; Hans Kristian Dolmen  
**Kopi:** Stig J. Harris  
**Emne:** [BULK] Vs: Saksnummer 2014/7379

Hei.

Eg har ikkje mottatt bekreftelse på at mitt tidligere innsendte skriv er mottattt. Sender derfor på nytt med utvida adresseliste.

Etter innsendt skriv var eg på open kontordag om saka i Lindåshallen. Dette var første gangs høyring av planen, og det var derfor svært skuffande at representantar frå Statens vegvesen ikkje var interessert i å høyra på innspel frå dei som vert berørt av ny veiplan. Statens vegvesen var for det meste opptatt av å forsvara sitt eige forslag. Det er tydeleg på foreslått plan at dei ikkje har forstått at på Tykhelle er det gardsbruk som vert delt av Fv57, og etter planforslag ikkje har sikker tilkomst for drift av gardsbruka.

Her må også landbrukskontoret på bana for å ivareta sikkerhet angående dette.

Minner om at det er no ein må tenkja litt langsiktig i planar og at me som bur tett opp til ein svært traffikkfarlig veg, der trafikken vil auka enda meir og farten skal setjast opp, må takast på alvor.

Mvh  
Olav-Kåre Tykhelle

----- Videresendt Melding -----

Fra: "Olav-Kåre" <[olav-kaare.tykhelle@online.no](mailto:olav-kaare.tykhelle@online.no)>  
Til: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)  
Cc: "Stig J. Harris" <[sjh@harris.no](mailto:sjh@harris.no)>  
Sendt: 25.11.2018 16.03.19  
Emne: Saksnummer 2014/7379

Hei.

Viser til tilsendt underlag for reguleringsplan for Fv 57 gang/sykkelveg.

Først litt historikk:

Eg er eigar av g.nr 118/1 på Tykhelle, og har vel 50 års erfaring med drift av garden på forskjellig vis. Garden blir delt av Fv 57 med hus og driftsbygning på vestsida og dyrka mark, utmark og skog på austsida. Alle tre gardsbruk på Tykhelle (118/1-2 og 3) er stort sett delt på denne måten.

Gardane kom før vegen, dersom nokon skulle tvila på det.

Slik vegen var før oppgradering midt på 70-talet, var det ingen problem med normal gardsdrift. Flytting av dyr og maskiner mellom aust- og vestsida av vegen var ingen problem. Trafikken og hastighet var sjølvsagt mykje mindre, men der eg hadde behov for kryssing var det rimeleg god oversikt begge veier.

Etter bygging av ny veg på 70-talet vart situasjonen ein heilt annan. Korkje eg eller andre på Tykhelle kunne nytta området på austsida som beiteland, og det vart kraftige begrensingar og utfordringar med å kryssa veg for nødvendig tilkomst til eigedommane på austsida.

Under prosessen med ny vei (som vart ei hastesak p.g.a Mongstadutbygginga) var det foreslått undergang mellom aust og vest samt å samla utkjørslar. Noko av dette kom med på plantegninger men ikkje utført, og det som vart etablert då vart for mitt vedkommande ein svært dårlig løysing.

Når det no skal arbeidast med veg att, så ynskjer eg ikkje å koma i same situasjon ein gong til. Hugs at det som blir bygd no skal vera framtidsretta og til nytte for alle brukarer. Me som bur her og kryssar vegen hyppig både til fots og med maskiner, har like stor krav på ROS analyser som er utført på andre stader på strekningen.

Eg stiller eit ufravikelig krav om at det må etablerast kjørbar overgang/undergang på staden.

Nye tilførselveg fra bruk 118/3 samt vidare veg til nytt pumpehus som kommunen skal bygga i sørrenden av Tykhellevatn, og som er lagt gjennom mitt gardstun, må eg nesten ta som ein spøk?? Å legga til rette for gjennomgangstrafikk til naboenes gardsbruk og vidare til pumpehus med ein slik trase står til stryk på alle parameter både innafor veiplan og HMS.

Både tilførselveg til 118/2 og 3 må leggast parallellt med ny Rv 57 og slik knyttast mot eksisterande vegar.

For å få fram min bodskap, er de velkomne til ein befaring på staden i nærmeste framtid.

Mvh  
Olav-Kåre Tykhelle



Virusfri. [www.avast.com](http://www.avast.com)